

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 83/2022

2022/EØS/45/38

av 18. mars 2022

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2019/1752 av 25. februar 2019 om utarbeiding av spørjeskjema og fastsetjing av format og frekvens for dei rapportane som medlemsstatane skal utarbeide i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX, etter nr. 22a (europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852), vert følgjande lagt til:

”22aa. **32019 D 1752:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2019/1752 av 25. februar 2019 om utarbeiding av spørjeskjema og fastsetjing av format og frekvens for dei rapportane som medlemsstatane skal utarbeide i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852 (EUT L 269 av 23.10.2019, s. 5).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i avgjerda lesast med følgjande tilpassing:

Artikkel 1 og vedlegg I skal ikkje nyttast på EFTA-statane.”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2019/1752 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 19. mars 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 18. mars 2022.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

⁽¹⁾ TEU L 269 av 23.10.2019, s. 5.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.